

Ikkje rekord, men framgang

09.06.2014



Sprekingar undervegs i trimklassen: Tøff, Ingvill Myklebust og Kristine Tveit

Etter at det hadde delteke berre 65 i Solfjelløpet i fjor, var det ein viss bekymring omkring framtidig deltaking. Men no er optimismen der att, etter at 93 stilte opp i dag, fordelt med 69 på trim og 24 på konkurranse.

Likevel er det nok ikkje tvil om at atskillig meir kan skje i form av PR-tiltak for å gjera motbakkeløpet i Uskedalen meir populært. Då det vart lansert i 2009 hadde idrettslaget lanngt større optimisme enn det så langt har vore grunnlag for. Langtidstendensen har ikkje vore positiv.



Solfjelløpet er eit flott familiearrangement. Her er bestefar Einar Musland på vei opp første bakkane saman med dottera Reidun og barnebarna Oda og Daniel.

Statistikken fortel at det starta med 66 deltagarar i 2009

og så auka det heilt til 102 året etter.

Så var det ein reduksjon

til 92 og vidare til 67 året etter og vidare til 65 i fjor. Då var det verkeleg grunnlag til bekymring, men idag var det sol og glede....

Tekst: Ola Matti Mathisen.

Foto og nett: Ola Matti Mathisen/Thor Inge Døssland



Veslemøy Haugland, Kari Eide og Anine Enes like etter start